



2 UIL-lag klare til kamp

Uskedalen har det siste året hatt 80 aktive fotballspelarar frå 5 til 12 år og i tillegg kjem 15 aktive som har representert UIL på samarbeidslaga med Rosendal. For kommande år er det bestemt at jenter 13 år reiser til Rosendal og trener og spelar saman med dei, Fotballgruppa her vil organisera dei andre laga som UIL har.

Minicupane har vore avvikla som tidlegare år. Også i år freiste jenter og gutar til Sommarlandcup i Bø der dei spela mot lag frå heile landet og gjorde ein god innsats. Gutar 10 år og jenter 11 år deltok i den årlege Husnescupen. Spelarar frå gutar 12 år har også dette året delteke i eit samarbeid med eit jamnaldrende lag frå Husnes. Heio-cup hadde stor deltaking med 50 lag som spela 77 kampar. Det vart nok ein gong ein suksess.

Dei siste åra har det vore felles økonomi med dei andre gruppene i UIL og det har fungert bra. Ei utgift som kjem til å auka etter kvart som jentene og gutane tek til i seriespel er reiselutgifter. Det vert teke litt gjennom eigenandelar på kvar tur men dette vert likevel ein større utgiftspost i åra framover.

Fotballgruppa er ny frå desember og består no av Kjetil Myklebust (leiar), Atle Hauge (nestleiar), Eli Eiane Klyve, Vidar Haugland og Jan Øvstebø (dei 3 siste er medlemmer).

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen